

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 19. juni 2026

Stad: Flå kommune

Desse møtte frå Regionrådet:

Jørund Li	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Sigrid Simensen Ilsøy	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune
Merete Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå KRU:

Karsten Dideriksen	Ål kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Bjarte Reve	Hemsedal kommune
Ole Johnny Stavn	Hol kommune

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune:

Iselin Haugo Stavn	(H)
Hans Petter de Fine	(R)

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar

Forfall:

Christine Larsdotter Vaagen Nesbyen kommune

SAK 36/26 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 29. MAI 2026**Vedtak:**

Protokollen frå møte 19. mai 2026 vart retta opp og godkjent.

SAK 37/26 PRESENTASJON AV STRATEGI FOR NYE BERGENSBANEN

Rune Hallingstad, kommunedirektør i Ringerike kommune presenterte ny strategi for nye Bergensbanen. Sjå vedlegg.

Vedtak:

Regionrådet ønskjer ei sak der den samla ressursbruken på samferdselsarbeidet ver tema. Det betyr økonomiske og organisatoriske aspekt knytt til samferdselsutval, FNB, og prosessen på Ringerike, samt påverkingsarbeid mot andre kommunar i Buskerud, fylkeskommune og Storting/regjering.

SAK 38/26 DRØFTINGSSAK - NÆRINGSUTVIKLING.**Vedtak:**

Regionrådet har drøfta saka. Drøftinga viser at næringsutvikling i regionen krev ein sterk lokal forankring, aktive verkemiddel og godt samarbeid mellom aktørar. Resultat er summen av fleire gode tiltak, ikkje eitt enkelt grep. Kommunal og regional interesse og involvering blir opplevd som svært viktig av næringslivet og kan skje gjennom støtteordningar, bedriftsbesøk, dialog og møteplassar.

Andre ting som kom fram i drøftinga:

- Fjellfond blir peikt på som eit stort og viktig tiltak.
- SPH 2.0 (sårnornfond) blir vurdert, men utfordrast av økonomi.
- Rekordmange prosjekt har vore inno etablerartenesta. Ei ny etablering kan ha stor betydning for skatteinngang og lokal økonomi.
- Næringslivet er ikkje opptatt av grenser og derfor er regional næringsutvikling prioritert
- Trainee-ordning må avklarast - enten prioritere eller avvikle
- Vurdere rolla til næringshage vs. næringsforening (spesielt innan næringspolitisk arbeid).
- Auka fokus på tenesteutvikling og nybrottsarbeid

Vedtak:

Regionrådet ber om at Hallingdal næringshage og ein representant frå næringsforum blir invitert til neste møte i Regionrådet og at «Fjellfond» blir sett på agendaen.

SAK 39/26 DRØFTINGSSAK - ANDRE REGIONALE SAMARBEID.

Regionrådet har drøfta saka. Inkludert i drøftinga vart også interpellasjonen i Nesbyen vedr. Felles planavdeling og brev frå Hallingconsult om det same. Sjå vedlegg.

Vedtak:

Regionrådet ber KRU om å koma med innspel til satsingsområdet «andre regionale samarbeid» til septembermøte i Regionrådet.

SAK 40/26 STATUS PÅ PROSESSEN OM FELLES LEGEVAKT. OPPFØLGING AV SAK 03/25

Iselin Haugo Stavn, som prosessleiar og Heidi Granli orienterte om status og framdrift på legevaktsprosessen. Gruppa som jobbar med prosessen satsar på å legge fram noko for Regionrådet i september, før saka skal ut på ein høyringsrunde.

SAK 41/26 ORIENTERING INTERKOMMUNAL UTVIKLING PÅ ROMERIKE

Saka vart utsett

SAK 42/26 DRØFTING – ETABLERING AV DATASENTER I HALLINGDAL**Vedtak**

Regionrådet ønsker meir kunnskap om etablering av datasenter slik at ein etterkvart er i stand til å vurdere om ein skal utarbeide felles prinsipp for handtering av datasenter i Hallingdal og ber om at dette kjem at som ei sak til hausten.

SAK 43/26 FINANSIERING AV YRKESMESSA 2027**Vedtak:**

Regionrådet løyver inntil kr 300 000 som delfinansiering av yrkesmessa 2027. Midlane skal berre nyttast om ein ikkje får anna finansiering og skal takast frå disposisjonsfondet.

SAK 44/26 INFO OM NY LEIARSAMLINGA TIL HAUSTEN.

Det blir ny leiarsamling for alle leiarar i Hallingdal. HR jobbar med program og datoen blir truleg i midten/slutten av februar 2027.

SAK 45/26 NYTT FRÅ BUSKERUD

Buskerudplanen vart vedtatt denne veka

Me ser også på korleis ein kan bidra til å finansiere yrkesmessa

SAK 46/26 ORIENTERING FRÅ DEI VERVA REGIONRÅDET ER INNE I

SIGRID: Hallingdal renovasjon. Innskot på 9 mill.

Styremøte i Hallingdal næringsshagen – HNH gikk med overskot i 2025.

VINN generalforsamling

JØRUND: -

PÅL: -

ANNE KARI **Vassregionutvalet:** Me må rapportere inn på tiltak til Oslofjordutvalet

MERETE: **PPT eigarskapsmøte:** Må betale ekstra for å bruke ulike system m.a avvikssystem.

Interkommunalt utval for akutt forurensing: Dei ønsker politikarar inn i rep.skapet. Ønsker også ein langsiktig plan for forureining i vassdrag som seier noko om kommunen si rolle, IUA si rolle og staten si rolle
Folkehøgskula sitt styre: Kristin Wallstad er ny leiar

HEIDI: **ARENDAL – STATUS:**

Jernbanedirektoratet sender Cecilie Bjørlykke, prosjektleiar for fjerntogstrategien. Christopher har også fått med Anne Kristine Linnestad (H, Akershus). Saman med Rune Bakervik (Ap, Hordaland) trur vi dette blir bra. Vi jobbar vidare med å spisse panelet, og reknar med at Nye Veier òg stiller.

FNB jobbar med å få til eit opplegg om Bergensbanen på Utøya. Miriam måtte utsetje eit medlemsmøte med Hole og Ringerike AUF grunna sjukdom, men arbeider no med å få til noko saman med både Buskerud AUF og Vestland AUF

Orientering: Jernbanedirektoratet på måndag

FNB er kalla inn til Jernbanedirektoratet på måndag saman med dei andre jernbanefora for å drøfte utfordringar og ønskje framover.

SAK 47/26 INFORMASJON FRÅ ADM

- Inkluderingskraft Hallingdal har søkt 500 000 til vidareføring
- Hus i Arendal er leigd
- Tilsetting i Regionrådet. Sirkulærøkonomistillinga
- Utsleppsgruppa er komplett og har første møte 19. juni
- Møte med SVV - 24.juni 2026 -
- Møte med SVV - 8. sept

SAK 48/26 UTLYSING BREIBAND

Knut Arne informerte om dei områda som ikkje har god nok dekning i dag og som ein ønskjer å søke midlar for i den neste (og kanskje) siste søknadsrunden . Kommunen må melde tilbake så fort som mogeleg om kva område ein ønskjer å ha med i søknaden. Innspel utover det som vart gitt i møte må spelast inn innan rist 25. juni

SAK 49/26 EVENTUELT

Årshjul for økonomi

Usett til neste møte

Uttale frå Regionrådet i samband med arbeidet for redusert utslepp

Regionrådet drøfta saka og vart einige om å sende ei uttale

"Regionrådet for Hallingdal støttar statsforvaltaren som ber klima – og miljødepartementet om «veiledning og vurdering av handlingsrom» knytt til vassforskrifta og deler statsforvaltaren si uro omkring kva konsekvensar manglande handlingsrom kan ha for samfunnsutviklinga i vår region. Skriv av 2.juni 2026. Regionen tek signala på alvor, og vil jobbe målretta for å sikre god tilstand på vassdraget og at me når klimamåla for Krøderen.

Når det gjeld Statsforvaltaren sitt vedtak om avslag på søknad om løyve etter forureiningslova for landbasert akvakulturanlegg i Kleivi i Ål kommune – Upstream Aqua AS, ref. 2025/34059, er det gitt tre veker klagefrist. Regionrådet for Hallingdal ber om at denne fristen blir forlenga til svaret frå miljødepartementet ligg føre."

Hallingdal, 22. juni 2026

for rådsordførar

Jan Olav Helling

Dagleg leiar